

Prosjektskildring – 29. februar 2004

Den eldste busetnaden i Jostedalen

Registrering og formidling av fornminne

Bakgrunn

Segna om Jostedalsrypa har tvillaust gjort Jostedalen til den mest kjende øydebygda frå tida etter Svartedauden. Den gripande forteljinga om den einaste attlevande jenta etter pesten, har prega lesebøkene i snart hundre år og er kjend frå skriftlege kjelder heilt frå tidleg 1600-tal.

Trass i dette finst det mest ingen sikker historisk kunnskap om samfunnet i Jostedalen, korkje om tida før Svartedauden (ca. 1350) eller om øydetida og gjenryddinga av dalen i andre halvdel av 1500-talet. Jostedalen er knapt nemnd i skriftlege kjelder før 1600, og tidlegare arkeologiske utgravingar og registreringar har vore konsentrerte om fjell- og stølsområda.

Det er såleis viktig å få kartlagd busetnadshistoria i bygda før 1600 både for:

- bygdefolket som interesser seg for historia til lokalsamfunnet sitt og gardane sine i ei tid med aukande søking etter identitet og kunnskap om seg sjølve
- framtida til bygda i ein situasjon der satsing på reiseliv og bygdenæringar med utspring i lokalt natur- og kulturgrunnlag vert stadig viktigare
- dei arkeologiske og historiske forskingsmiljøa som ser Jostedalen som eit interessant ”laboratorium” som kan kaste ljøs over busetnadshistoria til heile Vestlandet

Større arkeologiske registreringar og utgravingar sette i verk og finansierte av det offentlege, kjem i praksis berre i gang når det er tale om større landskapsinngrep eller svært viktige kulturminne. Ein må sjå i augo at dette aldri vil kome på tale i gardsområda i Jostedalen, slik det gjorde i fjell- og stølsområda i samband med kraftutbygginga på 1980-talet. Såleis vil ein aldri få svar på dei heilt vitale spørsmåla som gjeld busetnadshistoria til Jostedalen utan at bygda sjølv tek initiativet til eit prosjekt.

Bygdelaaget og historielaget i Jostedalen sette i gang eit forprosjekt våren 2003 for å førebu prosjektet, og det vart utarbeidd ei førebels prosjektskildring (1.4.2003, nye versjonar 10.6.2003 og 15.1.2004). Den prosjektskildringa som no ligg føre, er revidert med grunnlag i arbeidet som er gjort i forprosjektfasen, mellom anna synfaringar i terrenget av arkeologar.

Problemstillingar

Hovudmåla for prosjektet er å

- finne ut når Jostedalen vart busett av menneske, ikkje berre sauer, og då helst bønder og fast jordbruksbusetnad
- formidle resultatata til bygdefolk, turistar og fagmiljø gjennom eit mangfald av verkemiddel

Problemstillingar:

1. Når vart gardane i Jostedalen etablerte, og har gardane som me kjenner i dag lik lokalisering som gardane før svartedauden?
2. Når tok ein til med jordbruk og dermed permanent busetnad i dalen?
3. Korleis har utviklinga mot fast busetnad føregått?
4. Tyder den spesielle eigedomsstrukturen i mellomalderen på rask kolonisering?
5. Låg Jostedalen totalt øyde under svartedauden eller var nokre deler av dalen framleis i bruk?
6. Når vart dalen busett att etter krisa i seinmellomalderen?

Jostedalen som arkeologisk laboratorium

Jostedalen er svært interessant i ein arkeologisk samanheng. For det fyrste er dalen tilsynelatande marginal, noko som indikerer at då Jostedalen fyrst vart busett, var andre vestlandsbygder allereie fylt opp av bønder. Ei undersøking av Jostedalen kan difor kaste lys over jordbruksutviklinga for heile Vestlandet. Sidan det ikkje er gjort arkeologiske funn i dalføret, står me att med dagens kulturlandskap som einaste kjelde til forhistoria.

For det andre er Jostedalen eit særleg spennande område grunna den spesielle eigedomsstrukturen, med Apostelkyrkja i Bergen som eineigar av heile dalføret. Apostelkyrkja fekk sitt jordegods frå kongen. Etter det me veit så langt, representerer Jostedalen den største eigedomssamlinga i Indre Sogn, og denne samlinga kan vere særst gamal. Ein studie av landnåmet i Jostedalen kan moglegvis fortelje om samanhengar mellom eigarstruktur og busetnad. Var det stormanns trælur som braut jorda her? Jostedalen er spesielt godt egna for ein slik studie, som òg er eit særst aktuelt tema innan forskinga i dag.

For Arkeologisk institutt ved Universitetet i Bergen er dette eit fagleg interessant prosjekt. Det vil gå inn i instituttet si satsing på gardsarkeologi, og instituttet vil mellom anna leggje opp til aktivitetar for studentane sine i samband med prosjektet. Mellom anna vil to studentar etter alt å døme skrive mastergradsoppgåver om Jostedalen med feltarbeid sommaren 2004.

Kva veit ein om den eldste busetnadshistoria til Jostedalen?

Skriftlege kjelder

Før slutten av 1500-talet er Jostedalen nemnd i tre kjelder: Eit diplom frå 1318-19, ei visitasforordning frå 1322-23 og i Bergens kalvskinn (fyrste halvdel av 1300-talet). Kjeldene fortel knapt meir enn at Jostedalen hadde ei kyrkje og namngjeven prest (Asle), eit par namngjevne bønder og to namngjevne gardar (Kruna og Krokgilja). Både desse gardsnamna finst òg i dag, men det er tilfeldig at nettopp desse to er nemnde i diplommet.

Det fyrste dokumentet ein har frå etter øydetida, er ei prestelønsliste frå 1596 der ein finn opplysningar om gardar, bønder, skattetakstar og noko om kyrkja og bygda. Frå kring 1600 tek det til å dukke opp langt fleire dokument om dalen, og frå dette tidspunktet er busetnadshistoria godt dokumentert (Øyane 1994).

Arkeologiske granskingar og fornminne

Før Breheimen-utbygginga vart det 1980-84 gjennomførte omfattande utgravingar i støls- og fjellområda, hovudsakleg nord og vest for hovuddalføret (Randers og Kvamme). Her vart det dokumentert 7000 år gamal fangstaktivitet, beiting som går 3000 år attende og mykje stølsverksemd (tufter m.m.) frå mellomalderen. Ut frå dette vart det konkludert med at det må ha vore ein omfattande fast busetnad i dalen fram mot Svartedauden.

I gardsområda vart det berre gjort éi undersøking: utgraving av ei åkerreine på garden Li i Mjølverdalen som dokumenterte at åkerdrifta sannsynlegvis går attende til vikingtida.

Ei miniatyrøks frå mellomalderen, funne på garden Kjervik kring 1960, er det einaste registrerte gjenstandsfunnet ein har frå gardsområda (no i Bergen Museum).

Det eksisterer ingen kjende gravminne eller andre typar førreformatoriske kulturminne.

Den eldste eksisterande bygningen i Jostedalen er kyrkja, bygd i 1660.

Kulturlandskapet i Jostedalen (to representative gardar) vart kartlagd i 1980-åra (Hauge og Austad 1989).

Arbeidet til arkeologane: metode, gjennomføring og dispensasjon frå kulturminnelova

Den beste og enklaste vegen til innsikt i problemstillingane er å undersøkje dyrkingsmarka. For å påvise dei eldste dyrkingsfasane på ein gard, er det vanleg å undersøkje hovudåkrane nær dei eldste kjende tunområda. Desse åkrane gjev ofte svært gamle dateringar og kan knytast nokså direkte til garden.

Målsetjinga må difor vere å kartleggje og undersøkje slike "gamleåkrar/storåkrar" med sjakter der ein kartlegg jordprofil og tek ut jordprøver for pollenanalyse og C14-dateringar. Resultata vil vonleg kunne kaste lys over dei nemnde problemstillingane, og dei vil dessutan kunne vere utfyllande og klargjerande i høve til dei resultata som allereie ligg føre etter stølsregisteringane til Randers.

Det er utarbeidd tre alternativ, som er graderte etter kor kostnads-krevjande dei er. I det mest omfattande alternativet vil alle gardar i dalen bli undersøkte med to sjakter på kvar gard, pluss til saman fire sjakter på dei fem mest interessante gardane.

Både arbeidsmetode og innhaldet i dei tre alternativa er skildra utfyllande i vedlegget "Rapport frå forprosjektet".

Sjå budsjettet for overslag over kostnader og tidsbruk.

Feltarbeidet krev dispensasjon etter §8.1 i kulturminnelova fordi det er snakk om inngrep i automatisk freda kulturminne. Etter kontakt mellom prosjektleiinga, Riksantikvaren, Arkeologisk institutt i Bergen og Sogn og Fjordane fylkeskommune, vart det avklart at Arkeologisk institutt skal stå som fagleg ansvarleg for prosjektet. Dermed sende Arkeologisk institutt 22.12.2003 søknad til Riksantikvaren om dispensasjon slik at prosjektet kan gjennomførast. Søknaden følgjer som vedlegg. Bergen Museum og Sogn og fjordane fylkeskommune har uttalt seg positivt om søknaden, og Riksantikvaren har signalisert at dei vil seie ja. Eit formelt svar vil truleg liggje føre i mars.

Formidling

Det er eit sentralt mål med prosjektet å få forskingsresultata ut til dei interesserte, og å utnytte dei i kultur- og næringsretta aktivitet i Jostedalen. Historielaget og bygdelaget har solid publiseringskompetanse.

Aktuelle tiltak:

- Jostedal Historielag har fyldige internetsider der det vil liggje oppdatert informasjon om prosjektet (www.historielaget.jostedal.no)
- Aktivt mediearbeid i heile prosjektfasen (lokalaviser, NRK Sogn og Fjordane). Prosjektet fekk radioomtale ved to høve i NRK Sogn og Fjordane i 2003, og ei heilside i Sogn Avis 17.1.2004. Stang og Økland sende sist i februar 2004 ein kronikk om prosjektet til Bergens Tidende som vonleg vil kome på prent innan midten av mars.
- NRK eller frittstående produksjonsselskap vert invitert til å fylgje arbeidet heilt frå starten med tanke på eit filmproduksjon som kan dokumentere korleis "sanninga" om Jostedalsrypa og forfedrane hennar blir graven opp. NRK Sogn og Fjordane har sagt at dei vil lage reportasje i samband med det fyrste arbeidet i terrenget. Det vil såleis heilt frå byrjinga bli gjort opptak som kan nyttast til eit eventuelt dokumentarprogram. Det vil bli teke kontakt med Undervisningsavdelinga i NRK med tanke på
- Den nemnde boka med forskingsresultata må ha ei populær innretning og vere rikt illustrert. Jostedal Historielag kan ta på seg utgjevinga – laget har god røynsle med ei lokalhistorisk utgjeving frå hausten 2002 (Espe 2002).
- Ein vitskapleg artikkel med forskingsresultata skal òg publiserast.
- Den populære og tradisjonsrike årboka gjennom 26 år, "Jostedal skule- og bygdeavis", vil bli brukt aktivt for å halde lokalsamfunnet orientert. Utgåva som kom i desember 2003, har brei omtale av prosjektet.

- Det bør heldast eit lokalhistorisk seminar i Jostedalen der resultata frå prosjektet vert presenterte, og der faglege kapasitetar blir innbedne som kommentatorar og deltakarar. Seminaret bør primært vere retta mot bygdefolk, men bør òg ha ei slik form at det kan interessere fag- og lekfolk utanbygds og skape interesse for historia til Jostedalen i vidare faghistoriske miljø. I samband med seminaret må det satsast på eit aktivt mediarbeid.
- For Breheimsenteret er det aktuelt å presentere resultata gjennom ein revisjon av dei permanente utstillingane i senteret. Senteret har alt lagt planar for ein ny permanent utstillingsseksjon om Jostedalsrypa, og dette vil bli aktualisert gjennom eit slikt prosjekt.
- Det har vore kontakt med Bryggens Museum i Bergen, som har signalisert stor interesse for å lage ei utstilling knytt til prosjektet, helst i samarbeid med Breheimsenteret.
- De Heibergske Samlinger (Sogn folkemuseum) har sagt seg interessert i å lage ei utstilling, kanskje ei vandreutstilling, om prosjektet, og å utvikle eit arkeologisk metodeopplegg retta mot skuleelevar med utgangspunkt i prosjektet. Institusjonen driv i dag eit godt og aktivt formidlingsarbeid retta mot born og unge.
- Skilting, tilrettelegging av kulturstiar i gammalt kulturlandskap m.m. i samarbeid med grunneigarane – arbeidet med ein natur-/kultursti i Jostedalen kom i gang alt i 2003 etter initiativ frå bygdelaget, og med finansiering frå Fylkesmannen.
- Etablering av gards-/bygdeturisme der historieformidling er ein sentral del av opplevinga og marknadsføringa.

På lengre sikt er prosjektet viktig for å styrkje dei faglege banda mellom Breheimsenteret og dei kulturhistoriske fagmiljøa ved Universitetet i Bergen. Det er alt eit godt etablert samarbeid med det geologiske fagmiljøet, som mellom anna gjer at det vil bli halde nasjonale og internasjonale konferansar og seminar om geologi/glasiologi i Jostedalen i 2003 og 2004. Det er ei målsetjing at prosjektet skal inspirere til vidare arkeologisk og historisk forskingsinnsats på Jostedalen spesielt og vestnorske øydebygder allment.

Ringverknader for bygdeutvikling og lokal næringsutvikling

Det er eit aukande fokus i Jostedalen, som i mange andre bygder, på korleis lokalt natur- og kulturgrunnlag kan utnyttast betre i den lokale næringsutviklinga for å gjere bygdene meir robuste og gje den tradisjonelle jordbruksnæringa fleire bein å stå på. Jostedalen har eit aktivt bygdelag og ein lang tradisjon med bygdeutviklingsarbeid. Frå 1999 til 2003 har bygda vore knytt til Bygdeutviklingsprogrammet hjå Fylkesmannens landbruksavdeling i Sogn og Fjordane, og frå 2003 er Jostedalen ei av fire deltakande bygder i Naturbruksprosjektet til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – eit prosjekt som nettopp har som føremål å sjå på korleis lokal natur og kultur kan nyttast i næringsutvikling, og korleis konfliktane mellom vern og bruk kan dempast.

Eit utslag av dette arbeidet er at det tidleg på vinteren 2004 blir sendt to halvtimeslange dokumentarprogram på NRK1 med eit portrett av Jostedalen.

På grunn av breane, og særleg Nigardsbreen, har Jostedalen lenge vore ei bygd som har trekt mange sommarturistar både frå inn- og utland. Breheimsenteret er eitt av tre turistinformasjonscenter kring Jostedalsbreen nasjonalpark og har omfattande utstillingar der mellom anna resultata frå Breheimen-undersøkingane er presenterte. Det blir no arbeidd med å utvide reiselivssatsingane i ei meir kulturorientert retning, mellom anna med gardsturisme og turstigar. I ein slik samanheng vil sikrere kunnskap om busetnadshistoria vere svært viktig for den historieformidlande delen av verksemda. Dette er heilt i tråd med nasjonale retningar innanfor reiselivssatsing. Den nye storsatsinga til Norges Turistråd dei neste åra er nettopp å utvikle kultur- og historiebasert bygdeferie for nordmenn.

Ein auka forskingsaktivitet og fagleg aktivitet i bygda vil dessutan utvide det økonomiske grunnlaget for reiselivsbedriftene.

Jostedal skule har ein innarbeidd tradisjon med uteskule. Det kan vere aktuelt for skulen å knyte prosjektarbeid til dette prosjektet, særleg medan utgravingane går føre seg.

Stadnamn

Dei tre sogelaga i Luster kommune, Jostedal, Hafslo og Luster, har i samarbeid med kommunen sett i gang eit større prosjekt som tek sikte på å registrere stadnamn i alle delar av kommunen. I praksis vil vekta liggje på komplettering av tidlegare innsamlingar og digitalisering av alt materiale. Det er jamn kontakt mellom arkeologiprojektet og jostedalsgruppa i stadnamnprosjektet (ansvarleg: *Kristen Ormberg*).

Arkeologiprojektet har kome i kontakt med fyrsteamanuensis *Ole-Jørgen Johannessen* ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, som er interessert i å knyte seg til prosjektet med fagleg tolking og handsaming av stadnamntilfanget frå Jostedalen. Utgangspunktet for interessa til Johannessen er at Nordisk institutt i arkivet sitt har kome over ei omfattande stadnamninnsamling som Øystein Frøysadal, tidlegare tilsett ved instituttet, gjorde i Jostedalen i 1959-60. Stadnamnoppskriftene har vorte liggjande i kladdoppskrifter (med kart) utan at det er gjort noko meir med samlinga. Johannessen har i fyrste omgang teke eit initiativ til å få digitalisert samlinga og har vore i kontakt med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (v/ *Gunnar Urtegaard*). Det er her tale om å få til eit spleiselag mellom instituttet, fylkesarkivet og lokale krefter. Frå historielaget si side tek no stadnamnprosjektet hand om dette.

Her ligg det såleis godt til rette for eit svært spanande tverrfagleg prosjekt der arkeologar og namnegranskarar har nytte av kvarandre og saman kan kaste nytt ljøs over kulturhistoria til dalen.

Organisering og samarbeidspartnarar

”Den eldste busetnaden i Jostedalen” er organisert som eit prosjekt med separat økonomi og styringsgruppe, men er ikkje formelt skilt ut som eigen organisasjon. Jostedal Historielag og Jostedal Bygdelag er ’prosjekteigarar’ og administrativt ansvarlege for prosjektet. Dei to laga sette 16.3.2003 ned ei førebels styringsgruppe for prosjektet der ein finn:

- **Oddmund L. Hoel** (prosjektleder), tidlegare leiar i Noregs Mållag og forlagsredaktør i Samlaget, frå hausten 2003 doktorgradsstipendiat ved Høgskulen i Volda (Ivar Aasen-instituttet). Styremedlem i Jostedal Historielag og Jostedal Bygdelag.
- **Peder Kjærvik**, dagleg leiar ved Breheimsenteret sidan 1993
- **Stein Jarle Fossen**, ingeniør i Luster e-verk med stor kjennskap til terreng og grunneigarar i Jostedalen (supplert inn hausten 2003)

Ei endeleg styringsgruppe vil bli sett ned av dei to laga når finansieringa av forprosjektet er på plass, og det vil lagt vekt på å ha ei lita og operativ styringsgruppe med vide fullmakter, særleg når det gjeld økonomi, administrative spørsmål og inngåing av avtalar. Denne gruppa vil då vere oppdragsgjevar for Arkeologisk institutt.

Arkeologisk institutt ved Universitetet i Bergen er fagleg ansvarleg institusjon. Dette omfattar både den vitenskaplege kvalitetssikringa og innhenting av løyve til feltarbeid frå Riksantikvaren. Dei to arkeologane som vil ha hovudansvaret for arbeidet, vil vere knytte til instituttet:

- **Gunhild Berge Stang**, (arkeolog, cand.philol. 2003). Har skrive ei hovudoppgåve i gardsarkeologi ved UiB om Kroken i Luster. Kultursjef i Bremanger kommune frå 1.3.2004.
- **Bård Gram Økland**, (arkeolog, cand.philol. 1998). Har brei røynsle frå arbeid med formidling og lokalhistorie. Arbeider frilans som arkeolog og kulturarbeidar

Attåt Stang og Økland har stipendiat *Frode Iversen* ved instituttet vore sterkt medverkande i planlegginga av prosjektet i den fyrste fasen. Dei to studentane *Ann Katrine Sivertsen* og *Anne Mette Haugen* er interesserte i å knyte seg til prosjektet for å skrive masteroppgåver i arkeologi frå Jostedalen. Den eine vil studere ein eller to gardar nærare; den andre vil ta føre seg gamle ferdselsveggar. Kontaktpersonar ved institutt har vore professor i mellomalderarkeologi *Ingvild Øye*, og instituttstyraren, professor *Lars Forsberg*.

Ei fagleg referansegruppe vil bli etablert så snart rolla til alle samarbeidande institusjonar er avklara. Referansegruppa skal vere eit rådgjevande for arkeologane og for historielaget/bygdelaget når det gjeld fagleg gjennomføring, formidling, organisering og nettverksbygging. Aktuelle deltakande institusjonar attåt historielaget/bygdelaget kan vere Arkeologisk institutt, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Luster kommune og dei involverte musea. Økonomiske og praktiske omsyn gjer truleg at ein må avgrense seg til 1-2 møte årleg i referansegruppa og elles basere seg på direkte kontakt mellom prosjektleiinga og gruppemedlemene.

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum har sagt seg interessert i å medverke i prosjektet. Dei mest aktuelle ideane som har vore framme, er ei utstilling om prosjektet – både prosessen og resultatata – og eit undervisningsopplegg for elevar om korleis arkeologar arbeider. Kontaktperson: direktør *Age Engesater*. Sjå vedlagde brev frå institusjonen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (Kulturavdelinga) vart informerte om prosjektet i møte 17.11. og har stilt seg positiv til prosjektet. Dei har i brev 15.12.2003 avklart si rolle. Det vil vere Arkeologisk institutt som står som fagleg ansvarleg og søkjer Riksantikvaren om løyve til feltarbeidet, medan fylkeskommunen vil ha ei rådgjevande rolle og har sagt seg interessert i å delta i ei fagleg referansegruppe. Kontaktpersonar: fylkeskonservator *Kolbjørn Nesje Nybø* og arkeolog *Eva Moberg*.

Luster kommune har ei rad viktige kulturminne innanfor grensene sine med Urnes stavkyrkje (på UNESCO si verdsarvliste) som det største. Kommunen er alt av dei best arkeologisk kartlagde på Vestlandet, og kommunen har ein aktiv kulturminnepolitikk, nedfelt i ein omfattande kommunedelplan for kulturminne (sist rullert våren 2000). Kommunen har nyleg gått i gang med eit større tverrfagleg prosjekt på Urnes. Kommunen har alt gjeve kr 15 000 i støtte til vårt forprosjekt. Prosjektet hadde møte med kultursjef Erling Bjørnetun og landbrukssjef Steinulf Skjerdal 15.1.2003. Kontaktperson: kultursjef *Erling Bjørnetun*.

Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen er interessert i å utvide prosjektet med ein stadnamnfagleg del (sjå kapitlet om stadnamn ovanfor). Kontaktperson: Fyrsteamanuensis *Ole-Jørgen Johannessen*.

Høgskulen i Sogn og Fjordane vil vere ein aktuell samarbeidspartnar, særleg med tanke på tilrettelegging av kulturlandskap.

Grunneigarane: I samband med synfaringane oktober 2003 var det munnleg kontakt med ein del av grunneigarane som vil bli berørte i samband med gravinga, og alle grunneigarar og andre interesserte var innbedne på eit informasjonsmøte i oktober. Før feltarbeidet blir sett i gang, vil det bli innhenta skriftleg løyve frå dei grunneigarane det gjeld. I og med at arbeidet kan resultere i bandlegging av visse område som resultat av at det blir registrert kulturminne, krevst det ein grundig og open dialog med grunneigarane. Ein må òg vere førebudd på at ein kan få negative svar, sjølv om alle reaksjonar så langt har vore eintydig positive frå grunneigarar og bygdefolk.

Framdrift

Den mest kritiske faktoren i framdrifta til prosjektet er finansieringa. Sidan det er to friviljuge organisasjonar som har teke initiativet og ingen i dette tilfellet kan *påleggjast* å finansiere arkeologiske registreringar, kan ein ikkje satse på ei einskild finansieringskjelde. Det må i staden snikrast saman ei brei finansieringspakke med tilskot frå ei rad ulike kjelder over fleire år, og den faglege framdrifta er difor i praksis prisgjeven framdrifta i finansieringsarbeidet.

Ut frå dette har prosjektleiinga det grunnleggjande utgangspunktet at ein ikkje skal vente med å setje i gang prosjektet til ei stor finansieringspakke er på plass, men heller satse på ei bit-for-bit-finansiering av prosjektet der framdrift og omfang heile tida blir tilpassa den finansielle stoda. Slik vonar me at det arbeidet som blir utført i neste omgang vil gjere det lettare å få pengar. Dette bit-for-bit-prinsippet er òg grunnen til at det er utarbeidd tre ulike alternativ for gjennomføringa av prosjektet i søknaden til

Riksantikvaren. Ein vil byrje på det billegaste alternativet, og så utvide det etter den fastlagde planen etter kvart som økonomien tillet det.

Dette vil seie at den følgjande framdriftsplanen ikkje er endeleg:

Fase I: (forprosjekt) april 2003 – april 2004	Planlegging av prosjektet: etablering av styringsgruppe, etablere avtalar med dei involverte personane og institusjonane Arbeid med finansiering Setje opp nøyaktig budsjett for fase II-IV Avklaring av løyve til graving (Riksantikvaren) Avtalar med dei involverte grunneigarane Avtalar med samarbeidspartnarar Førebuingsfase for arkeologane med studium av skriftleg dokumentasjon og synfaringar i marka (hausten)
Fase II: mai-sept 2004	Feltarbeidsfase: arkeologar, studentar (mastergrad) og lokalt dugnadsmannskap i fellesskap; C-14-datering og pollenanalyser
Fase III: sept-nov 2004	Etterarbeidsfase for arkeologane: analysar av resultata, utarbeiding av bokmanus
Fase IV: des 2004 – juni 2005	Formidlingsfase: seminar med presentasjon av resultat, lansering av resultat i bokform, arbeid med utstillingar, tilretteleggingar av kulturstar og andre tiltak i marka, ev. dokumentarfilm

Kostnader

Fase I: 2003 – forprosjekt

Arkeologar, 1,5 månadsverk, førebuingssfase	kr 53 000	¹
Reise (medrekna kost og losji)	kr 20 000	²
Flyfoto, kart og andre tyngre administrative utgifter	kr 20 000	
Lokal administrasjon	kr 17 000	³
SUM kostnader 2003 (fase I)	kr 110 000	

Fase II: 2004 – feltarbeid og analyse av prøver

Arkeologar (2 mnd-verk), masterstudentar	kr 100 000	¹
Reise (medrekna kost og losji)	kr 30 000	²
Lokal administrasjon	kr 10 000	³
Arbeidshjelp (dugnad)	kr 60 000	⁴
Graving	kr 18 000	⁸
Datering/analysar av prøver	kr 170 000	⁵
SUM kostnader 2004 (fase II)	kr 388 000	

Fase III-IV: 2004-2005 – etterarbeid/formidling

Arkeologar, 3 månadsverk, etterarbeid	kr 105 000	¹
Reise (medrekna kost og losji)	kr 20 000	²
Lokal administrasjon	kr 15 000	³
Bok med presentasjon av forskingsresultat	kr 30 000	⁶
Seminar	kr 70 000	⁷
Utstilling, Breheimsenteret	kr 100 000	⁷
Kulturstar og andre formidlingstiltak i marka	kr 80 000	⁷
Dokumentarfilm	kr 100 000	⁷
SUM kostnader 2004-05 (fase III-IV)	kr 520 000	

(Totale kostnader fase I-IV (2003-2005): kr 1018 000)

Generelle merknader til budsjettet

Fase I (forprosjekt) vart i all hovudsak finansiert og gjennomført i 2003. Noko arbeid står likevel att, og forprosjektfasen vil halde fram utover vinteren/våren.

Fase II (feltarbeid/prøveanalysar) er budsjettert ut ifrå det mest omfattande og fagleg mest ønskelege alternativet (jf. vedlegg). Dersom det ikkje lukkast å få finansiert dette alternativet i 2004, vil ein ta til med det minst omfattande alternativet (alt. 3) og seinare byggje ut granskingane etter kvart som økonomien tillet det.

Fase III-IV er langt meir usikre, og må per i dag reknast som ei skisse over kva som kan vere ønskeleg å få til. Formidlingsperspektivet har vore med heilt frå starten i prosjektet, men det meir konkrete arbeidet med å organisere og finansiere dette vil kome utover i 2004.

Notar

¹ *Månadsverk for arkeologane*: byggjer på eit overslag frå arkeologane. 1 månadsverk = i snitt ein totalkostnad 35 000 kroner inkl. 10 % administrative kostnader (telefon, porto, kopiering m.m. etter rekning). Arkeologisk institutt har signalisert at dette vil gå som ordinær forskingsaktivitet ved instituttet og dermed ikkje vere underlagd dei langt høgare oppdragsforskingssatsane. I feltarbeidsfasen er det i tillegg budsjettert med dekking av ein del utgifter for dei to masterstudentane.

² *Reise, kost og losji*: Her er det budsjettert med naudsynte reiser Bergen-Jostedalen t/r (bil) og kost og losji etter statens satsar (tot. kr 860 per person per døger).

³ *Lokal administrasjon*: Det vil vere behov for nokre reiser (Sogndal, Førde, Bergen), og det kan bli naudsynt å engasjere lokal arbeidshjelp for å ta seg av ein del administrative oppgåver som vil vere for store å løyse på dugnad. I summen ligg dessutan kr 10 000 (= 50 timar) med dugnadinnsats på den administrative sida.

⁴ *Arbeidshjelp (dugnad)*: Det er rekna med at dei to arkeologane gjer unna feltarbeidet på ein månad ved å etablere to arbeidslag som kvar treng to hjelparar attåt arkeologen. Totalt er det stipulert til 300 dugnadstimar, og verdien på dugnadshjelpa er rekna til 200 kr/timen for å få fram dei reelle kostnadene med prosjektet.

⁵ *Datering/analysar av prøver*: Ei dateringsprøve kostar ca. 1000-1500, men kan moglegvis bli rabattert dersom me får innvilga "forskarpris". Då er prisen ca. 300,- pr. konvensjonell prøve, så sant me har ei trekolmengde på over ca. 2 gram (ca. ei fyrstikkøskje). Er mengda mindre stig prisen til kr 1200.- Normalt vil det vere 50/50 fordeling på slike prøver. Det er budsjettert med kring 100 prøver, noko som truleg er i overkant av det som trengst. I tillegg er det budsjettert med kr 100 000 til analyse av pollensøyler.

⁶ *Bokutgjeving*: boka vil gje salsinntekter, men det er budsjettert med ein nettokostnad sidan det er uforsvarleg å rekne med at ei illustrert og populært tilrettelagd bokproduksjon vil løne seg kommersielt i ei bygd med 450 innbyggjarar.

⁷ *Andre formidlingstiltak*: Her er det berre gjort lauslege overslag basert på lokale røynsler over tiltak som det kan vere aktuelt å setje i verk.

⁸ *Graving*: Det trengst minigravar for å grave sjaktene der det skal takast prøver og til fylling etterpå. Det er budsjettert med gravar om lag annakvar dag (12 dagar), 6 timar dagleg, timepris 250 kr.

Finansiering

Fase I er i all hovudsak alt finansiert og gjennomført.

Finansieringsbehovet for fase II (utgravingsalternativ 1) er på **kr 388 000**.

Av dette utgjer lokal dugnadsinnsats kr 70 000.

Jostedal Bygdelag og Jostedal Historielag er innstilte på å bruke av oppspart kapital for å realisere prosjektet. Summar blir fastsette seinare.

Finansieringsplan for fase II:

		Merknad/status
Eigeninnsats (dugnad)	kr 70 000	
Eigenfinansiering	kr 30 000	
Sogn og fjordane fylkeskommune – kulturminnevern	kr 40 000	Søkt om kr 70 000 15.1.04
Luster kommune – kulturminnevern	kr 50 000	Søkt 1.3.04 (løyvd kr 15 000 i 2003)
Luster kommune – 'nye STILK'	kr 40 000	Frist 31.3.04
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – BU-midlar	kr 50 000	Frist 1.4.04 (løyvd kr 55 000 i 2003)
Norsk kulturminnefond	kr 100 000	Frist 15.4.04 (avslag 2003)
Andre (private fond, sponing m.m.)	kr 8 000	
SUM fase II:	kr 388 000	

Finansieringsplan for fase III-IV vil bli utarbeidd seinare. Ein aktuell søknadsinstans til formidlingstiltaka vil vere Norsk kulturråd. Her vil nok hovudstrategien vere å få finansiert enkelttiltak framfor ei samla "pakke".

Kjelder og litteratur

Dei eldste skriftlege kjeldene er publiserte på nettsidene til Jostedal Historielag, <http://www.historielaget.jostedal.no>

Alfred Espe (2002): *Jostedalen frå istid til sjøveigartid*, Jostedal Historielag

L. Hauge og I. Austad (1989): *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Luster kommune. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, Bruk og vern*, Rapport nr. 5, SFdh-skriftserie, Sogndal

Lars E. Øyane (1994): *Bygdebok for Luster kommune – gards- og ættesoge. Band V: Jostedal soken*, Luster kommune

Arkeologiske rapportar frå Breheimen-undersøkingane:

Gerd Bolstad og Mons Kvamme: *Kulturbhistoriske registreringer i Breheimen 1980*. Arkeologiske rapporter 1. Historisk museum, Universitetet i Bergen. 1980.

Mons Kvamme og Kjersti Randers: *Breheimenundersøkelsene 1981*. Arkeologiske rapporter 3. Historisk museum, Universitetet i Bergen. 1981. (146 sider)

Kjersti Randers: *Breheimenundersøkelsene 1982-1984. I: Høyfjellet*. Arkeologiske rapporter 10. Historisk museum, Universitetet i Bergen. 1986. (130 sider)

Mons Kvamme og Kjersti Randers: *Breheimenundersøkelsene 1982-1984. II: Stølsområdene*. Arkeologiske rapporter 15. Historisk museum, Universitetet i Bergen. 1986. (109 sider)

Jostedalen, 29. februar 2004

For Jostedal Bygdelag og Jostedal Historielag

Oddmund L. Hoel

prosjektleder

Vedlegg:

1. Søknad om dispensasjon frå kulturminnelova til Riksantikvaren frå Universitetet i Bergen, 22.12.2003, med undervedlegg: Arkeologane sin rapport frå forprosjektet
2. Brev frå De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, 23.5.2003
3. Brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, 15.12.2003